



Olga Wang prøvesmakar Uskedalsbrødet i butikken og gjev det ei positiv attest. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det har vore ein kjempesuksess heilt frå starten, seier brødansvarleg Kari Ljosnes til uskedalen.no dagen etter at Uskedalsbrødet vart lansert av SPAR. Det blir baka av uskedelingen Jan Eik, som har Sunde Bakeri i Teigen.

Første salsdagen, som var torsdag, var heile lageret av det nye brødet seld allereie klokka 14. Det betyr at 40 brød nærmast vart reve vekk.

I dag (fredag) fylte SPAR opp med vel 50 nye brød og Kari er spent på korleis salet går utover dagen.

- Og korleis vil du oppsummera reaksjonane?

- Stort sett har dei vore positive og folk konkluderer med at brødet smakar godt.

Ein av få innvendingar som er verd å nemna er at nokre gjerne vil ha eit litt grovare brød. Og det er nokre få som ynskjer brødet steikt i form.

- Nokre etterlyser ein 'spesialpose' på brødet...

- Posen kjem sikkert etterkvart. Men den må planleggjast, mellom anna med eit spesielt Uskedalsmotiv, seier brødansvarleg Kari.

uskedalen.no har for sin del fått fleire forslag om eit anna namn på det nye brødet sjølv om korkje vi eller andre har gått ut med ei spesiell tevling om dette temaet. Det einaste som har vore etterlyst er eit godt slagod, og det var det bakaren som etterlyste.

Prosjektleiar i Uskedal Utvikling Kristian Bringedal meiner at brødet av PR-grunnar bør heite Uskedalsbrødet.

Av Ola Matti Mathisen